



Informasjon om klagerett

Rett til å klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på av part eller ein med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28 første ledd. Den som ikkje er part bør i klaga grunngi kvifor vedkomande har rettsleg klageinteresse.

Klaga må vere skriftleg og signerast av klagaren eller klagaren sin fullmektig. Klaga må opplyse kva vedtak det blir klaga på, og kva endringar som blir kravde. Klaga bør også innehalde ei grunngjeving, jf. forvaltningslova § 32.

I byggesaker kan klageretten vere avgrensa for forhold som tidlegare er endeleg avgjort i plan eller i tidlegare vedtak i same byggesak der klagefristen er ute.

Klagefrist

Klaga må vere sett fram innan tre veker frå vedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29 første ledd. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagd før fristen er ute, eller at ho er komen fram til kommunen sin e-postadresse før klagefristen går ut, jf. forvaltningslova § 30 og eforvaltningsforskrifta § 11.

Dersom klaga blir sendt etter klagefristen på tre veker, kan kommunen i medhald av forvaltningslova § 31 likevel behandle klaga dersom parten eller fullmektigen ikkje kan lastast for å ha sendt klaga for seint, eller det av særlege grunnar er rimeleg at klaga blir behandla. Dette gjeld ikkje dersom det har gått meir enn eitt år sidan vedtaket vart fatta.

Kven kan det klagast til

Klageinstans for dette vedtaket er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Klaga skal sendast til Sykkylven kommune, som førebur klagesaka og sender den vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Adresse: Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven

Epost: postmottak@sykkylven.kommune.no

Rett til å krevje grunngjeving

Ein part som meiner at vedtaket manglar grunngjeving, kan krevje nærare grunngjeving, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. Dersom kommunen får krav om grunngjeving innan tre veker frå vedtaket er motteke, blir klagefristen avbroten. Ny klagefrist tek til å løpe frå den dagen grunngjevinga er motteken, jf. forvaltningslova § 29.

Rett til innsyn

Part i saka har rett til å gjere seg kjend med saksdokumenta så langt anna ikkje følgjer av forvaltningslova §§ 18 til 19, jf. forvaltningslova § 18 første ledd. Spørsmål om innsyn kan rettast til servicetorget i kommunen.

Kostnader ved klaga

Dersom du får medhald, kan du krevje å få dekt vesentlege kostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket til din fordel, jf. forvaltningslova § 36.

Utsett iverksetting av vedtaket

Kommunen, klageinstansen eller anna overordna organ kan avgjere at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Å klage stansar ikkje



iverksettinga automatisk. Dersom du ønskjer at vedtaket ikkje blir sett i verk medan saka blir behandla, må du be om utsett iverksetting.

Ei oppmoding om utsett iverksetting skal avgjerast så snart som mogleg. Avslag skal grunngjevast, og grunngjevinga skal givast samstundes med avslaget. Det er ikkje høve til å klage på avgjerd som gjeld utsett iverksetting.